

## Reguleringsføresegner

### Reguleringsplan for fv. 601 Angedalsvegen del 2

PLANID: : 464720200010\_FV.601 ANGEDALSVEGEN DEL 2

#### 1) GENERELT

- a) Føremålet med reguleringsplanen er å utbetre fylkesveg 601 og etablere ny sykkelveg med fortau på nordsida av fylkesvegen. Dette vil gje trygg og god framkomst for mjuke trafikantar.
- b) Plangrensene er vist på reguleringskarta. Føresegnene gjeld for dei områda som ligg innanfor plangrensa.
- c) Planen angir arealføremål i samsvar med plan- og bygningslova (pbl.) § 12-5. Arealføremåla er viste i plankartet. Areal som skal vere offentleg eller felles er markerte med o\_ (offentleg) og f\_ (felles) framfor føremålet.
- d) Reguleringsplanen erstattar deler av fylgjande reguleringsplanar:
  - Reguleringsplan for Prestholten. Planid: 19750012, 25.09.1974.
  - Reguleringsplan for Angedalsvegen 35 Planid: 143220080010, 22.05.2014.
  - Reguleringsplan for Angedalsvegen 47-49 Planid: 143220140002, 26.05.2016.
  - Reguleringsplan for Flatebakken 1 Planid: 14320150012, 16.06.2016.
  - Reguleringsplan for Grovene - Flata Planid: 143219760013, 12.02.1976.
  - Reguleringsplan for Lindborg 2 og 4, Planid 20030003, 19.06.2003.
  - Reguleringsplan for Smestad, Planid: 143220120001, 26.10.2017.
  - Reguleringsplan for Solvang, Planid: 143219750024, 24.09.1975.
  - Reguleringsplan Vie området, Planid: 143219930048, 17.11.1993.
  - Reguleringsplan Vie område F1, endring. Planid: 143220070016, 27.09.2007.
  - Reguleringsplan for Førde sentralsjukehus, Planid 1432016007, 28.03.2019.
  - Reguleringsplan for Anga, Planid 14320000002, 20.09.2000.
  - Reguleringsplan for Skyttarkvia, Planid: 143219690006, 24.05.1969.
  - Reguleringsplan for Slåtten , Planid: 143219920044, 17.06.1992.
  - Reguleringsplan for Slåtten skule, Planid: 1432013005, 24.02.2017.
  - Reguleringsplan for Slåtten nord, Planid 143219930046 , 17.03.1993.

Føresegner for bygningar og anlegg (utnyttingsgrad og liknande) som er gjeve i desse planane, gjeld framleis så langt anna ikkje er bestemt i denne planen.

#### 2) BYGNINGAR OG ANLEGG (pbl. § 12-5 nr 1)

- a) BRE\_Renovasjonsanlegg (1550) felles  
Arealet skal nyttast til plassering av avfallsdunkar i samband med boslevering. Arealet er felles for eigedomane i nærleiken.
- b) Innafor område nummerert BFS1 kan terrenget senkast permanent, dersom det er krav om det ut frå grunntilhøva. Området skal setjast i stand att i samråd med grunneigar (gnr. 21 bnr. 171).

#### 3) SAMFEDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (pbl. 12-5 nr 2)

- a) Detaljering av veganlegget går fram av tekniske teikningar C2-7.
- b) Opparbeiding av fylkesveg med sykkelveg og fortau samt naudsynt omlegging av private tilkomststar og anna infrastruktur skal utførast i tråd med krav i geotekniske rapportar 30208-GEOT-2 og 10203949-TIG -RAP -004. Naudsynte supplerande grunnundersøkingar og ev. justeringar skal utførast i prosjekteringsfasen.
- c) Avkøyrslar frå fylkesvegen er viste i reguleringsplankart. Avkøyrslar som ikkje er viste i reguleringsplankartet skal stengast når ny tilkomst er opparbeidd.
- d) Rabattar, møbleringssoner, anna vegareal, fortau og sykkelveg skal opparbeidast med utgangspunkt i dei løysingar som er viste i landskapsplan og formingsrettleiar for Førdepakken.
- e) o\_SKV Køyreveg, offentleg (2011)
  - a. Køyreveg er vegbana inkludert kantsteinsklarering eller skulder på fylkesveg, kryss, kommunale vegar og avkøyrslar.
- f) f\_SKV Køyreveg, felles (2011)  
Felles køyreveg er privateigde vegar som er felles for dei eigedomane som har tilkomst frå vegen.

Avkøyrslar og felles vegar som vert endra på grunn av veganlegget, skal opparbeidast i samsvar med planen innan veganlegget er ferdigstilt.

Det vert bygd nye tilkomstvegar til felles bruk for fylgjande eigedomar:

Ved profil 750: f\_SKV5 Felles køyreveg for gbnr 22/39 og 109.

Ved profil 900: f\_SKV Felles køyreveg for gbnr 22/1, 11, 22, 23,37, 39, 44, 105, 107,179, 184.

Ved profil 1450: f\_SKV15 Felles køyreveg for gbnr 21/229 og 231

- g) o\_SF Fortau, offentlig (2012)  
Det er regulert fortau langs Angedalsvegen.  
Det kan ikkje plasserast avfallsdunkar, mellombels eller fast, på arealet.
- h) o\_SS Sykkelveg, offentlig (2017)  
Det er regulert sykkelveg langs fv. 601 Angedalsvegen.  
Det kan ikkje plasserast avfallsdunkar, mellombels eller fast, på arealet.
- i) o\_SVG Anna veggrunn – grøntareal, offentlig (2019)  
Arealet er regulert til annan veggrunn som er møbleringssone, grøfter, fyllingar, skråningar og murar som tilhøyrer veganlegget.
- j) f\_SVG Anna veggrunn – grøntareal, privat (2019)  
Arealet er regulert til annan veggrunn som er møbleringssone, grøfter, fyllingar, skråningar og murar som tilhøyrer veganlegget.

#### **4) GRØNSTRUKTUR (pbl. §12-5 nr 3)**

#### **5) LANDBRUKS, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL (pbl. 12-5 nr 5)**

- a) L Areal vist som landbruksareal er sett av til mellombels riggområde. Arealet skal settast i stand at til same bruk , innan 1 år etter at veganlegget er avslutta. Matjordar skal takast vare på.
- b) LF Friluftsmål  
Deler av areal mellom fylkesveg og elv er regulert til friluftsmål.

#### **6) BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (pbl. § 12-5 nr 6)**

VNS Areal i og langs elva er dels regulert til naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Området skal ha naturleg kantvegetasjon langs elvekanten.

Ved gjennomføring av veganlegget skal inngrep i arealet gjennomførast på ein skånsam måte, og må ta omsyn til vassføring og erosjonssikring. Der elvekant vert nytta til midlertidig anleggsområde, skal kantvegetasjonen takast vare på så langt som muleg.

#### **7) OMSYNSSONER (pbl. §§12-6, 7 OG 11-8)**

- a) Sikringssoner, H140\_Frisikt:  
Alle kryss og avkøyrslar skal ha fri sikt i samsvar med handbok N100, Veg- og gateutforming (Vegdirektoratet). Sunnfjord kommune og vegeigar kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna.
- b) Faresone, H320\_Flaumfare:  
Flaumsone viser NVE sin berekna flaumsone ved 200 års-flaum, med klimapåslag. Nivå stormflo (returnivå 200 år) er 223 cm. Konstruksjonar under dette nivået må sikrast i høve flaum og erosjon. Det kan ikkje gjennomførast tiltak som forverrar flaumtilhøva.
- c) Faresone, H310\_Ras og skredfare  
Faresone viser registrert kvikkleiresone 2310 Smestad.
- Det kan ikkje gjennomførast tiltak som gir dårlegare stabilitet eller fare for ras.  
Tiltak og byggverk må gjennomførast i tråd gjeldande regelverk for tiltak i kvikkleireområde, jf. NVE Rettleiar 7/2012 Sikkerhet mot kvikkleire og Flaum og skredfare i arealplanar NVE Rettleiar 2/2011 (rev 2012).

For bygging av samferdsleanlegg vert det vist til 3 b) i denne føresegna.

#### **8) 6 BESTEMMELSESOMRÅDE (pbl. § 12-7)**

#: Anlegg- og riggområde

Områder kan nyttast til verksemd som er naudsynt for gjennomføring av vegprosjektet, det gjeld mellombelse bygningar og anlegg, riggområde og mellomlagring av material og massar m.m.

Når områda vert tekne i bruk skal dei sikrast på forsvarleg måte. Etter avslutta anlegg opphøyrer midlertidig reguleringsføresmål og arealet går over til formål som vist i planen. Området skal ryddast og settast i stand til den bruk det hadde før anleggsstart, innan 1 år etter at anlegget er ferdig.

#### **9) §7 FELLESFØRESEGNER (pbl. § 12-7)**

- a) Detaljering av veganlegget går fram av tekniske teikningar C2-7.
- b) Det skal ikkje gjerast terrenginngrep som skadar eller gir fylkesveg/fortau/sykkelveg dårlegare stabilitet.
- c) Byggegrense er teikna inn på plankartet i gjeldande reguleringsplanar, elles skal byggegrense langs vegen følgje veglova.

- d) Støy Klima- og miljødepartementet sine retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (jf. rundskriv T-1442) skal legges til grunn for tiltak. Endeleg plassering og utforming av støyskjermingstiltak skal avklarast i byggjeplan. Støygrensene skal, så langt det er teknisk mogleg og økonomisk forsvarleg etter kostnads-/nyttevurderingar, tilfredsstillast.
- e) Kulturminne  
Dersom det i samband med tiltak i marka blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast i den utstrekning det berører kulturminna eller sikringssonene deira på fem meter. Det er viktig at dei som utfører arbeidet i marka og er gjort kjent med denne bestemmelsen. Melding av funn skal straks sendast til Vestland fylkeskommune, Kulturavdelinga, i samsvar med lov om kulturminner §8, andreledd.
- f) Ytre miljø  
Det skal utarbeidast plan for YM-plan i prosjekteringsfasen. Kap 9.3 i planomtalen gjev føringar som skal innarbeidast i YM-plan. Nødvendige miljøtiltak skal innarbeidast i konkurransegrunnlaget og ivaretakast av utførande og kontrollerast i gjennomføringsfasen.
- g) Fortau og sykkelveg, leieliner, taktile heller o.l. skal oppfylle krav til universell utforming (tilgjenge for alle) etter TEK17 og Statens vegvesen sine handbøker. Unntak er eksisterande gangveg o\_SGG3
- h) Det skal nyttast tilført naturstein i natursteinmurane. Det skal stillast krav til forbandt og planheit med tanke på utsjånad og kvalitet.